

Særavtale mellom

Stryn kommune og Helse Førde HF

Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgstenester

Avtale om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgstenester

1. Partar

Avtalen er inngått mellom Stryn kommune og Helse Førde HF.

2. Bakgrunn

Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 4, og i spesialisthelse-tenestelova § 2-1e, 2. ledd 1. setn.

Avtalen er vidare heimla i rammeavtalen mellom Stryn kommune og Helse Førde, pkt. 4 og i delavtale mellom Stryn kommune og Helse Førde HF om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgstenester, pkt 9 og 10, jfr og pkt 11.

3. Føremål

Denne særavtalen skal bidra til å realisere intensjonane i delavtalen pkt 9 om desentraliserte tenester som er differensierte og tilpassa til behovet i regionen og i enkeltkommunar. Dette skal skje ved samarbeid om lokale tenester knytt til svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgsteneste, inklusive følgjeteneste.

4. Innhald/tenestetilbod

4.1 «God start» i Nordfjord

Partane skal legge prinsippa i grunnlagsdokument av 23.08.12 om «God start» i Nordfjord, modell 2, til grunn for sitt samarbeid. Samarbeidet skal realisere følgjande tilbod:

- Følgjeteneste fordelt på jordmødre som er lokalisert ved utestasjonar i ytre og indre Nordfjord på vekedagane. Det vil vere døgnkontinuerleg 24/7/365 følgjeteneste frå eininga ved Nordfjord sjukehus. Det vil vere jordmor på vakt i anten ytre eller indre Nordfjord på alle kvardagar, området som er utan lokal jordmor vil verte dekkja med møtekøyring frå jordmora ved eininga. Ein vil ha god oversikt over tal gravide i dei ulike delane av Nordfjord og innrette den lokale dekninga ut frå behovet. På helgedagane er det følgjeteneste frå eininga med møtekøyring, i periodar vil ein i tillegg ha heimevakt i indre/ytre område. Dei gravide som er nær fødsel vil då ha tilbod om å liggje ved eininga for å gje tryggleik i høve reiseavstandane. Risikogravide vil og ha liknande tilbod ved Førde sentralsjukehus.
- Barseloppald i form av innlegging i pasient-/sjukehotell/eining lokalisert til Nordfjord sjukehus. Dette føreset ei medisinsk vurdering med omsyn til at det er trygt for mor/barn å reise ut frå fødeavdelinga ved Volda og Førde.
- Nødfødestove ved raske fødselar der ein ikkje kan nå fram til fødeavdeling.
- Det er mogeleg å leggje inn kvinner der riene stoppar opp under transporten og kvinna er utrygg i høve til å reise heilt heim. Her skal det ikkje innleggjast kvinner med medisinske uavklarte tilstandar, eller som eit alternativ til innlegging ved fødeavdeling. Tilbodet vil vere retta mot kvinner med lang reiseveg. På kveld/natt

kan det vere belastande å verte send attende til heimen. Ein kortar soleis ned den vidare distansen kvinnene må reise til fødeavdelinga om situasjonen endrar seg.

- Samarbeid med Volda og Førde sine fødeavdelingar om planlegging av fødsjar, med klare retningsliner for selektering av dei gravide med omsyn til fødeplass.
- Ammepoliklinikk/barselpoliklinikk.
- Svangerskapspoliklinikk ved jordmor, med selektering av risiko i veke 18 og 36.
- Rutineultralyd ved gynekolog/ultralydsjordmor i veke 18. (Ein vil i tillegg søke å kontrollere risikogravide som ikkje treng samtidig oppfølging av annan spesialist.)
- Undervisning/forsking.
- Samarbeid med høgskulen med omsyn til praksisplassar for sjukepleiarar og jordmorstudentar. Ei slik eining vil kunne vere eit godt døme på samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.
- Tilbodet bør innehalde følgjeforsking, der ein har fokus på pasientopplevd kvalitet, tryggleik og kvalitet med omsyn til svangerskap og barseltida. Ein ynskjer at dette arbeidet kan verte utført som ein del av ei jordmorstilling.

4.2 Nærare om følgjetenesta

For gravide og fødande med meir enn 1,5 time reiseavstand til næraste fødestad skal det gjerast ei individuell vurdering av behov for følgjeteneste, og helseføretaket har ansvar for å syte for slik vurdering og for iverksetjing av følgjeteneste når det er naudsynt. Ein er ikkje pålagt å ha lokal vaktberedskap med jordmor om tal fødande er mindre enn 50 pr år, og det vil då vere planlagt andre løysingar.

Gjennom samarbeidet i «God start» i Nordfjord vil det vere mogeleg å tilby ein beredskap som går ut over det helseføretaket som eit minimum vil vere pålagt. Det vert vist til omtale i pkt 4.1 i denne avtalen.

4.3 Dekning av jordmortenester i Stryn kommune

Stryn kommune har arbeidsgjevaransvar for jordmor og planlegg sjølv eigne tenester. Jordmor vil vere tilgjengeleg lokalt for kommunale oppgåver i 60 % stilling, og dei resterande 40 % vil vere disponible for vakt samarbeid i samband med «God start»-eininga. Vesentleg avvik frå førsetnadene i avtalen over tid kan gje grunnlag for kompensasjon eller reforhandling av avtalen, jfr pkt 11 og 13.

Det skal så langt som råd leggjast til rette for kontinuitet for kvinnene ved same jordmor gjennom heile svangerskapet.

Ved ferie- og sjukefråver tek ein i vare tilbodet til kvinnene ved «God start»-eininga.

Dokumentasjon skal skje i kommunen sitt datasystem. Jordmor skal også ha tilgang til fødedataprogrammet i Helse Førde.

5. Ressursføresetnader og finansiering

«God start» i Nordfjord skal samla disponere ca 9,6 årsverk til løysing av kommunale oppgåver og spesialisthelsetenesta sine oppgåver, fordelt med 3,6 årsverk på kommunane og inntil 6 årsverk på spesialisthelsetenesta. Stryn kommune bidreg totalt med 1,0 årsverk jordmor inn i samarbeidet.

Kommunen sitt bidrag til den samla finansieringa er dekning av løn og sosiale utgifter til jordmor etter første avsnitt. Føresetnadene for berekning av desse kostnadene er teke inn i vedlegg til avtalen. Kommunen dekker elles dei direkte interne kostnadene som følgjer av kommunal tenesteutøving (t.d. utstyr, forbruksmateriell, reisekostnader i samband med heimebesøk). Det skal ikkje påløpe kostnader for kommunen utover dette, med mindre det er særskilt avtalt. Helse Førde HF dekker kostnadene knytt til bruk av lokale og utstyr ved Nordfjord sjukehus.

Arbeidsgjevar for jordmor syter for naudsynt kompetanseutvikling og dekning av kostnadene med dette.

Kommunen mottok refusjonar for utførte kontrollar i/for kommunen, med unntak av kontrollar utført ved eininga i samband med sjukdom/ferie.

6. Evaluering av tilbodet og indikatorar for måloppnåing

Særavtalen og det etablerte tilbodet skal evaluerast i november kvart år, og det skal i denne samanhengen arrangerast eit evalueringsmøte mellom Helse Førde HF og alle kommunane.

Partane skal i fellesskap utvikle eit sett med resultatindikatorar for å vurdere måloppnåinga, og dette skal nyttast som ein del av den årleg evalueringa.

Det skal gjennomførast ei hovudevaluering av «God start» i Nordfjord etter ein prøveperiode på 2 år.

7. Oppstarttidspunkt

Det er iverksett ei overgangsordning med delar av tilbodet frå 01.10.12.

Oppstarttidspunkt for «God start» i Nordfjord og øvrige tiltak/føresetnader i denne særavtalen vert 01.01.13.

8. Kommunikasjonsplan

Partane skal utarbeide ein felles plan for kommunikasjon i høve innbyggjarar og brukarar og andre interessentar innan 01.01.13.

9. Forholdet til rammeavtale og delavtale

Denne særavtalen er heimla i delavtale om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgstenester, og utgjør del 2 av denne delavtalen. Føresegner i delavtalen gjeld tilsvarende for denne særavtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom særavtalen og delavtalen, går særavtalen føre.

10. Handtering av usemje

Ved usemje skal partane følgje reglane i rammeavtalen.

11. Misleghald

Ved misleghald gjeld reglane i delavtalen om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgstenester pkt 14.

12. Innsending av avtalen til Helsedirektoratet

Etter at avtalen er signert av begge partar, skal Helse Vest RHF sende kopi av avtalen, iht. helse- og omsorgstenestelova § 6-1 til Helsedirektoratet. Dette skal skje innan ein månad etter at avtalen er inngått, og seinast ein månad etter utgangen av frist fastsett med heimel i § 6-3.

13. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 01.01.13, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-5 andre ledd.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember kvart år, jfr pkt 6, og syte for jamnleg rapportering. Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen vert endra.

Dato

Stryn kommune

Helse Førde HF